



DOVRE KOMMUNE

REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALGET I DOVRE KOMMUNE

Vedtatt i kommunestyret 18.06.2012, sak 29/12

Kommunelova kap. 12 har bestemmelser om kontrollutval i kommunane, og Kommunal- og regionaldepartementet har gjeve forskrift om kontrollutval med heimel i kommunelova, vedtatt 15.6.2004. Dette reglementet inneheld Dovre kommune sine særskilte bestemmelser for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet utøver på vegne av kommunestyret det laupande tilsynet med forvaltninga i kommunen. Kontrollutvalet er vald av kommunestyret og rapporterer til kommunestyret.

§ 1 Val og samansetjing

Kommunestyret vel sjølv, i det konstituerande møtet, eit kontrollutval med medlemmer og varamedlemmer for valperioden. Kommunestyret vel sjølv leiar og nestleiar.

Leiar av kontrollutvalet skal veljast frå opposisjonen.

Det veljast så mange medlemmer og varmedlemmer som kommunestyret ved kvart val bestemmer, likevel minst fem medlemmer og fem personlege varamedlemmer.

Det er personlege varamedlemmer og det skal veljast eit varamedlem for kvart medlem. Den medlemmen som veljast blant kommunestyret sine medlemmer(jf. forskrift om kontrollutval § 2, 2. ledd) skal og ha varamedlem som er vald blant kommunestyret sine medlemmer eller varamedlemmer.

Kontrollutvalet sine medlemmer og varamedlemmer skal delta på kommunen si folkevaldopplæring.

§ 2 Kontrollutvalets arbeidsområde og virkemåte

Kontrollutvalet skal bidra til eit funksjonsdyktig folkestyre for kommunen innafor loverket sine rammer, og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av kommunens ressurser.

Kontrollutvalet skal leggje vekt på å opptre partipolitisk nøytralt.

Utvalet skal leggje vekt på faglege og profesjonelle omsyn. I funksjonen sin skal kontrollutvalet opptre som eit kollegium for derigjennom å få betre gjennomslag for dei saka som utvalet tek opp.

Kontrollutvalet skal ha fokus på etiske retningslinjer og

- skal gjere seg kjend med kommunen sine etiske retningslinjer, reglementer, forvaltningslovas reglar om habilitet og det forventas lojalt å overhalde dei bestemmelsane og vedtak som gjeld,
- skal i arbeidet sitt ivareta og styrke befolkningens tillit til den kommunale verksemda,
- skal unngå personlege føremonar av ein art som kan påvirke eller vere eigna til å påvirke handlingar, saksførebuingar eller vedtak. Dei bør og unngå å kome i situasjonar som vil føre til at det kan stillas spørsmål ved medlemmanes integritet,
- må ikkje bruke fortrulege opplysningar som mottas i samband med handsaming av saker i kontrollutvalet til personleg vinning,
- oppfordras til å la seg registrere i KS sitt styrevervsregister, i den grad kommunen for øvrig er tilslutta slik register.

Uttale til pressa eller media som er knytt til ei konkret sak skal gjerast av leiar eller den leiaren gjev fullmakt til.

§ 3 Saksbehandling

Kommunelovas kapittel 6 om saksbehandlingsreglar i folkevalde organ, gjeld og for møta i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sine møte skal haldas for opne dører.

- Ordføraren har møte- og talerett, men ikkje stemmerett.
- Rådmannen kan innkallas/inviteras til møta ved behov.
- Rådmann og ordførar mottek kopi av innkallinga til møta og protokollane.
- Kontrollutvalet sine varamedlemmer får tilsendt kopi av innkallingane og saksdokumenta.
- Dagspressa i distriktet får kopi av framsida til innkallinga.
- Kontrollutvalet skal nytte seg av kommunen si heimeside til offentlegjering av møte, saklister og møteprotokollar.
- Eitkvart medlem av utvalet kan krevje og få ein sak sett på sakskartet. Sekretariatet må få rimeleg tid til saksførebuing.
- Kontrollutvalet avgjer den administrative tilrettelegginga for utvalet sine saker.
- Innkallinga til møta i kontrollutvalet skal skje med minst 7 dagars varsel. Innkallinga bør og stipulere varigheita på møta.

Kontrollutvalet innstiller ovanfor kommunestyret i saker som er behandla av kontrollutvalet, med unntak av når det er gjeve andre reglar om innstilling(jf. m.a. kontrollutvalsforskrifta §§ 7 og 18, uttale om årsrekneskapen og kontrollutvalets budsjettforslag til tilsyn og kontroll).

§ 4 Kontrollutvalet sine oppgåver (jf. KL § 77)

Utvalet skal innan 1. halvår avgje årsrapport til kommunestyret om verksemda førre året. I årsrapporten skal det gis opplysningar om gjennomført forvaltningsrevisjon og selskapskontroll og resultatet av dette, iht. til forskrift om kontrollutval §§ 11 og 15.

Leiar for kontrollutvalet eller den vedkommande gjev fullmakt til, bør vere til stades i kommunestyret under behandling av dei sakene der kontrollutvalet har innstilt til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen set av tilstrekkelege midlar til kontroll og tilsyn i kommunen sitt årsbudsjett.

Sekretariatet for kontrollutvalga i Nord-Gudbrandsdal set opp eige årsbudsjett og økonomiplan for drifta som er ute på høyring i kommunane i forkant av budsjettbehandlingane i kommunane.

§ 5 Teieplikt

Kontrollutvalet har teieplikt i samband med forvaltningslova § 13. Medlemmene skriv under eigen erklæring om teieplikt.

§ 6 Henvendelse til revisjonens personale

Henvendelse frå kontrollutvalet sine medlemmer til revisjonens personale skal skje til revisjonssjefen, så sant ikkje spesielle tilhøve tilseier noko anna.

§ 7 Henvendelse til kommuneadministrasjonen

Henvendelse frå kontrollutvalet til kommunen skal skje til rådmannen anten frå sekretariatet eller frå leiar av utvalet.

§ 8 Ikrafttredelse

Dette reglementet trer i kraft når det er vedteke i kommunestyret. § 1 om val vil gjelde frå valet i 2015. Reglementet evaluerast minst ein gong i valperioden.